


Meir himmel på jorda

Årsrapport for TRUSOPPLÆRINGA

i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn

2024

WALYS
WAKEN



STØRST AV ALT



KONF
IRM
AN
*



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Finnøy

Me har trusopplæringstiltak for alle aldersgrupper 0-15 år i sokna våre, og me opplever varierende grad av oppmøte, avhengig av tiltak og kull. Tilsette som har delteke i trusopplæringa, eller kyrkjeleg undervisning og læring, som det no heiter, er prestane våre Ola Aasland Vold og Terje Engstrøm, kyrkjelydspedagog Reidun Aabrekk Bråtveit, utadretta medarbeidar Brenda Marie Talgø, dagleg leiar Heidi Bø Sangedal og diakonmedarbeidar Ingvild Angelskår Moen. Prestane saman med Brenda og Ingvild har ansvar for undervisninga av konfirmantane våre. I tillegg har prestane hatt dåpssamtalar, vore på skulebesøk og delteke på skulegudstenester og gudstenester knytt til trusopplæringstiltaka våre. Kyrkjelydspedagog har hovudansvaret for tiltaka for born fram til ungdomsskulealder. Prestar og kyrkjelydspedagog samarbeider tett i planlegginga og gjennomføringa av familiegudstenester og øvrige tiltak. Ingvild har ansvar for planlegging av Open Hall, og har i tillegg arrangert Nabokafé for 10. klassingane på kyrkjekontoret tre gongar. Heidi har delteke på julevandring med Fogn barnehage og skulegudstenesta i Fogn kyrkje.

I Trusopplæringsutvalet er Marianne Mjølhus frå Sjernarøy sokn, Ingrid Eiane Setvik frå Talgje sokn, Turid Angelskår Lauvsnes og Brit Idsøe frå Hesby sokn med. Utvalet har hatt to møte dette året.

Frivillege har lagt ned tid og krefter i mange av tiltaka våre. Innsatsen frå frivillege er uvurderleg. Nokre av tiltaka våre kunne ikkje vorte gjennomførte i det heile, eller med like mange deltakarar, utan hjelp frå frivillege. Me samarbeider óg med fritidsaktivitetar og frivillege organisasjonar, som Søndagsskulen og KFUK-KFUMspeidarane. Me ser at samarbeid med andre organisasjonar og fritidstilbod for born, gir auka oppslutnad på familiegudstenestene våre og andre kyrkjelege arrangement der desse deltek eller er spesielt inviterte (t.d. barnekor i familiegudstenestene våre eller speidarar på speidargudstenestene våre).



Mange av tiltaka våre er populære og har godt oppmøte. Me har også dei siste åra erfart lågare oppmøte på samlingane i vekedagane i forkant av utdelings-gudstenester, særleg i Talgje og Sjernarøy sokn. Dette har ført til at me dei siste åra har samarbeida med allereie eksisterande tiltak. Vår erfaring er at dette gir auka oppslutnad. Difor har me dei siste åra i høve hausttakkefestane, invitert til fellessamling med Hobby og Tru på Fogn, Barnelaget

på Sjernarøy og Barneglede på Ombo. I år inviterte me óg til samling saman med Jente- og Guttelaget på Halsnøy. Alle desse laga vert drivne av frivillege på øyane. Kyrkjelydspedagog har andakt på desse samlingane, og øver saman med borna på nokre av salmane til den komande gudstenesta. Opplegget er elles slik borna kjenner det frå fritidsaktiviteten. Ved å invitere alle i aldersgruppa 1-9 år, kan ein såleis også rekruttere dei yngste til å bli med på desse arrangementa når dei er gamle nok.

Dåp og dåpssamtalar



Dåpstala (0-1 år) fordelt på sokna ser i 2024 slik ut: Sjernarøy 3 dåpsbarn, Talgje 5 dåpsbarn og Hesby 14 dåpsbarn. Born eldre enn eitt år, ungdommar og vaksne er ikkje med i denne statistikken. Til saman er 27 personar døypte i sokna dette året. Prestane har dåpssamtale før dåpen.

Babysong og Småbarnstrall

Annankvar torsdag har babyar/småborn og foreldre/føresette møttes til song og sosialt samver. Også i år har me fått vere på biblioteket. Dette er eit godt eigna lokale for babysong. Biblioteket ligg sentralt for alle øybuane, og her er god plass. Me har i år opplevd godt oppmøte, og såg i haust behovet for å utvide Babysong slik at dei eldre babyane kunne fortsetje utover hausten. I september starta med difor med Småbarnstrall. Dette er eit tilbod til dei som opplever at barnet er for stor for Babysong, men som ynskjer å treffast på dagtid. Me har ikkje absolutte aldersgrenser, men anbefaler Småbarnstrall for dei som er frå 6-9 månader og fram til 2 års alder. Dette har vore eit populært tiltak, og oppslutninga har i haust vore langt større her enn Babysong. I halvtimen mellom Babysong og Småbarnstrall, er foreldra velkomne til drøss og kaffi medan borna leikar på golvet. Me opplever dette som eit kjærkome tilbod for nokre av dei som er heime på dagtid.

Målet med tiltaket er å gi foreldre hjelp til å syngje songar med trusinnhald og bønner i heimen, å gi born og foreldre ei positiv oppleving gjennom samver, song og musikk og å vere ein møteplass for småbornsforeldre frå alle øyane. Born frå alle dei tre sokna har vore representerte gjennom året.




Samling for toåringar

Toåringane i Hesby sokn vert inviterte til hausttakkefest med utdeling av bok, og ei samling i kyrkja ein ettermiddag veka det er gudsteneste. I år kom ni toåringar til Bethel, sidan Hesby kyrkje er under restaurering. Borna fekk høyre om sauene som gjekk seg vekk, og me leita til me fann alle sauene. Me øvde óg på songar og salmar til den påfølgjande gudstenesta, der dei fekk boka “Krølle på tur”. På samlinga vil me formidle at borna er elska av Gud, og at dei høyrer til hjå Han. I Talgje og Sjernarøy sokn inviterast 1-3åringane til samling før hausttakkefesten og til hausttakkefest. I år fekk dei utdelt boka “Kjære Gud, ta hånden min”, ei bok med barnebøner.



Samling for fire- og femåringar



I Hesby sokn inviterast fire- og femåringane til ei ettermiddagssamling og familiegudsteneste i kyrkja. I år kom femten born til arrangementa. På samlinga fekk dei høyre ei bibelforteljing, og me song saman. I gudstenesta fekk fireåringane ein barnebibel og femåringane fekk ei aktivitetsbok. I Sjernarøy og Talgje sokn vert fire- og femåringane inviterte til ei samling før hausttakkefesten og til hausttakkefest. Denne samlinga er i samarbeid med tidlegare nemnde lag og organisasjonar. Også desse fekk aktivitetsbok eller barnebibel. Her er oppslutnaden over 100% i forhold til medlemstala våre, og det viser såleis at samarbeid med frivillege lag fører til auka oppslutnad om tiltaka.

Påskevandring på Nordre Vignes



Me er heldige å få kalle påskevandringa på Finnøy for trusopplæringstiltaket vårt for 7- åringane. Alle andreklassingar ved Finnøy skule og opplæringssentra vart inviterte til Nordre Vignes for å sjå påskebodskapen dramatisert. Dette er eit stort arrangement, og Kyrkja har i år ingen statistikk å vise til over antall framømte andreklassingar.

Haustattakfest

I alle kyrkjelydane våre er det kvart år haustattakfest. Dette synes å vere eit høgdepunkt for mange i kyrkjelydane. Førsteklassingane og toåringane i Hesby og alle born 1-9 år i Talgje og Sjernarøy sokn vert inviterte. Borna oppmodast til å ta med frukt, grønnsaker, bær eller blomar til kyrkja eller bedehuset denne dagen. Dei går i prosesjon inn og pynter med avling frå hausten ved altarringen. Førsteklassingane får boka "Tre i eit tre". 7-9åringane fekk i år klassikaren "Gud og jeg er venner". Før haustattakfesten, var kyrkjelydspedagog og diakonmedarbeidar på skulebesøk i 1. klasse ved Finnøy skule. Prestane var på skulebesøk på småskuletrinnet på oppvekstsentra. Før gudstenesta, var óg kyrkjelydspedagog rundt på øyane og hadde samling i samarbeid med ovanfor nemnde lag og organisasjonar. Tilsaman deltok 16 6-9åringar i Sjernarøy kyrkjelydar og 21 i Talgje kyrkjelydar. Sju førsteklassingar deltok på haustattakfesten i Hesby. Alle førsteklassingar ved Finnøy skule og alle 1.-4.klassingar ved oppvekstsentra inviterast til haustattakfestane.



Tårnagent

Tårnagent er tiltaket vårt for 3. trinn. Her vert 8-åringane i alle sokna inviterte til ei samling laurdag med kjeke aktivitetar i Hesby kyrkje. Borna skal vere detektivar og løyse ulike oppdrag i kyrkja. Målet er at tårnagentane skal få kunnskap om og kjennskap til kyrkja, både når det gjeld arkitektur og kyrkjelege tradisjonar. Dei får óg lære om kristne symbol og symbolbruk i kyrkja. Tårnagentane inviterast óg til familiegudsteneste i kyrkjelyden dei høyrer til. Ni tårnagentar, med klar overvekt frå Hesby sokn, var med på samlinga på laurdag, og nokre av dei deltok på gudstenesta i sin kyrkjelyd seinare. Tidlegare vart alle tårnagentar inviterte til gudsteneste i Hesby kyrkje søndagen etter samlinga. Dei siste åra har ingen frå Sjernarøy og Talgje sokn kome til denne gudstenesta. Difor har me gått over til å invitere tårnagentane til gudsteneste i den kyrkja/ bedehuset som er nærmast dei. Her vert dei óg oppfordra til å delta i gudstenesta, t.d. lese, synge, dele ut program eller samle inn takkoffer.



Pinse for alle/ Pinsevandring

I år valde me å ha heile arrangementet ved og i bedehuset. Tidlegare har me gått frå kaien, hatt to-tre postar med drama undervegs før me har enda opp ved bedehuset. Prestane hadde drama om hendingane i dagane rundt pinse og fram til Kristi himmelfartsdag. Sju fjerdeklassingar frå Hesby, og to frå Talgje deltok på dette tiltaket. Ei mor frå Hesby sokn vart også med på tiltaket. Som vanleg vart det grilling av både burger og pølser til slutt. Også i år fekk me god hjelp av frivillege som bur på øya.



Bibeldagen



Bibeldagen er trusopplæringstiltaket for femteklassingane. Alle elevar ved oppvekstsentra og Finnøy skule vert inviterte til gudsteneste i sin kyrkjelyd. Her får dei nytestamentet Godt Nytt. I år møtte 2 frå Sjernarøy, 5 frå Talgje og 8 frå Hesby. Etter gudstenesta, vart elevane ved Finnøy skule inviterte til ei samling/bibelgruppe på kyrkjekontoret ein dag etter skulen. Der fekk dei lære litt meir om korleis nytestamentet er bygd opp, og korleis dei kan slå opp bibelvers. Åtte femteklassingar kom på denne samlinga.

Lys Vaken

Tradisjonen tru, vart det óg i år arrangert Lys Vaken for sjetteklassingane i Fogn kyrkje første helga i advent. Tilsaman 23 sjetteklassingar; 5 frå Sjernarøy, 10 frå Talgje og 8 frå Hesby, var med på heile eller deler av arrangementet. Tre ungdommar var med som frivillege, i tillegg til tre foreldre frå Talgje og Sjernarøy sokn. Her var det fleire samlingar med andakt og gudsteneste-førebuing. I pausane kunne deltakarane spele spel, biljard eller bordtennis, lage julepynt og julekort eller berre slappe av i sofaen eller soveposen. Laurdag kveld vart avslutta med julefilmen Stjernen før deltakarane fann roen på liggeunderlaga i kyrkjerommet. Lys Vaken vart avslutta med gudsteneste og kyrkjekaffi søndag. Nokre av sjetteklassingane bidrog med lesing og song i gudstenesta. Elles er alltid fellesfilmen som vert laga med klipp frå kyrkjene i Stavanger stor suksess. Denne visast i gudstenesta.



Rotur



Årets rotur vart arrangert i midten av juni. Tilsaman 15 sjetteklassingar; éin frå Talgje, éin frå Sjernarøy og dei resterande frå Hesby, la laurdag ut frå land på Talgje. Dei rodde til Steinnesvåg på Finnøy, og vidare frå Finnøy til Kyrkjøy på søndag. Me avslutta med gudsteneste i Sjernarøy kyrkje søndag ettermiddag. Roturen skjer i samarbeid med Færingsongarane og frivillege frå organisasjonen. I

år var óg to foreldre med i båtane. Deltakarane var innom tre kyrkjer i løpet av helga; Talgje, Hesby og Sjernarøy. Det var fleire andakter undervegs.



Open Hall

Open Hall er utgangspunktet trusopplærings-tiltaket vårt for 8.-klassingane, men alle elevar i ungdomsskulen og evt vidaregåande er i målgruppa og er velkomne til tiltaket. I Finnøy fleirbrukshall samlast ungdommar annankvar fredag til ballspel, kort- og brettspel, air hockey, bordtennis og prat. Utpå kvelden er det andakt ved frivillege. Frivillege er óg vakt, og sju foreldre er i komitèen og har hovudansvar kvar sin gong. Diakonmedarbeidar Ingvild har ansvar for det administrative og set opp vakt- og andaktslister, organiserer vidaresending av nøklar og utstyr, og kontakter foreldra som skal ha vakt.

Dette er eit populært tiltak med god oppslutnad kvar gong. Medlemmar og ungdommar elles frå alle dei tre sokna våre er representerte i dette tiltaket, og av og til kjem det óg innom ungdommar frå andre kommunedelar i Stavanger og frå andre kommunar.

Konfirmasjon

Konfirmantane dette året fordelt på sokna var slik: Sjernarøy 5, Talgje 12 og Hesby 29.

KONFIRMAN*
2024

Konfirmantane vart underviste av prestane, og Ingvild og Brenda var med på nokre av samlingane. Konfirmantane har delteke på gudstenester, og dei har vore med på fasteaksjonen. Konfirmantane har óg delteke i heimegrupper og på weekend på Utsyn. Åtte konfirmantar var med på Jærgårds i Kleppeloen i august.

Nabokafè

Ingvild drog dette året i gong nabokafè, der elevane på 10. trinn tre gongar vart inviterte til kyrkjekontoret i matfriminuttet. Her fekk dei vaflar og skiver. Drøsen var god og stemninga på topp. Dette var eit svært vellukka og godt besøkt tiltak.

TROS

TROS er eit tilbod for 10. trinn, der dei inviterast til undervisning og samtale på biblioteket to gongar etter skuletid. Èin frå Sjernarøy og 6 frå Hesby var med på opplegget.

Kyrkje- barnehage-/skulesamarbeid



I Plan for kyrkjeleg undervisning og læring, som vart vedteke på Kyrkjemøtet i år, står følgande:

“I et utvidet tilbud om kirkelig undervisning og læring inkluderes også samarbeid med barnehager og skoler, samt tilbud etter skoletid. Dette samarbeidet skal skje i rammen av

skolens/barnehagens/skolefritidsordningens eget formål og rammeverk. [...]Kirkens materielle og immaterielle kulturarv kan bidra til opplevelser, undring, utforskning og dybdelæring for alle barn og unge, uavhengig av tro og livssyn. Den norske kirke kan på denne måten være en ressurs til å nå kompetansemålene i skolen og målene i barnehagens fagområder.”

I høve høgtidene jul og påske, tilbyr me i Kyrkja skulegudstenester, jule- og påskevandring. Alle som får tilbodet, takkar ja til dette, og me opplever eit godt samarbeid mellom Kyrkja og skule/barnehage. I år har kyrkjelydspedagog hatt påskevandring i Hagatoppen, Preg og Talgje barnehagar. Dei same barnehagane, og i tillegg Fogn barnehage, har delteke på julevandring. Ingvild og Reidun har óg hatt julevandring for barnehageborn og juleskodespel med elevar ved Ombo Oppvekstsenter.

Før jul, har elevar ved Finnøy skule og oppvekstsentra delteke på skulegudsteneste i kyrkjene og på Bethel. Tilsette i Kyrkja har óg vore på skulebesøk i høve hausttakkefest og bibeldagen.

Kyrkjelydspedagog har i år gjennomført kurset Bibelsporet med 5. trinn ved Finnøy skule. Bibelsporet er eit undervisningsopplegg utvikla av Bibelselskapet. Bibelsporet er ikkje forkynnande, men er eit metodisk undervisningsopplegg tilpassa ny læreplan i KRLE-faget. Elevane lærer og hugsar gjennom øvingar, forteljingar og ei hugseregule med rørsler, og dei får såleis kjennskap til den kristne kulturtradisjonen. Oppegget går over fire skuletimar. Dette var første gongen me gjennomførte kurset, og erfaringa er at dette var kjekt for både elevar, lærarar og kyrkjelydspedagog.

Ingvild har vore innom ungdomsskulen med invitasjon både til TROS og Nabokafé for 10.-klassingane og Open Hall.

